



INSTRUKS FOR FEIARANE OM TILKOMST TIL SKORSTEIN PÅ TAK

I samsvar med Sogn brann og redning IKS sine retningslinjer

Skal det vera:

- Fastmonterte tak-trinn eller tak-stige i seksjonar som er festa både oppe og nede
- Stigefeste på gesims der gesimshøgda er over 5 meter
- Takbru eller trinn der ein må gå mellom skorsteinar
- Takbru eller feieplattform der høgda frå taket og opp til topp skorstein er over 1,2 meter

I tillegg vert følgjande alternativ godteke:

- Motvektstige som er festa minimum nede
- Bøylestige som er festa oppe og nede
- Aluminiumsstige som ligg på minimum to krokar og som er festa nede
- Stige som når frå bakken og heilt opp til skorsteinen og som er sikra mot utgliding nede

Følgjande alternativ vert ikkje godteke:

- Bøylestige som ikkje er festa
- Laus stige som ligg i krokar
- Gamle jarnstigar eller trestigar både opp til og på tak

Sogn Brann og Redning IKS

**Vakant
-leiar førebyggjande-**

**Vidar Trettenes
-brann- og redningssjef-**